

Årsmelding 2022

Styret har vore samansatt slik:

Leiar Tove Grethe Kolstad

Skrivar Odd Arne Rudi

Mølleansvarleg Are Solhaug

Styremedlem Svein Erik Rogne

Varamedlemer: Ingrid Bolstad

Revisorar: Ole Martin Alfstad

Valnemd: Torstein Presthegge

Kasserar utanom styret Svein Harald Hegge

Arrangementa i 2022 har vore:

Årsmøte i Valdres Historielag i mai.

I august hadde vi Kvitkakedag på kvileheimen. Samarbeid med Øystre Slidre Helselag. Det var ein fin og varm dag med ca 55 frammøtte ute i sansehagen. Vi steikte og serverte kvitkako og lappa ekta rumme og syltetøy. Rummen, gul og fin som er lokalprodusert på Lie, vart også i år sponsa av Dølehusaugen, takk til Kjell Trandokken. Det vekte mange minne hjå dei gamle med lokkarlag og mykje hyggeleg stølsprat. Egil Engen og Torgeir Onstad stillte også opp og spelte åt oss noko som gjorde dagen fullkommen.

I haustferien drog vi igang Dale mølle; Ca 70 personar møtte fram. Møllar Are Solhaug slepte vatn på kvedna og alt fungerte perfekt. Sælshagadn Gråtassforeninga stillte opp og drog igang treskeverket som var vår nye investering siste året. Det vart servert byggrynsgraut med tjukk mjølk. Etterpå vart det kaffe og kake. Etter kjøringa fann vi ut at reimane på treskeverket hadde sett sine beste dagar. Nye blir bestilt til neste sesong. Historielaget var invitert til hyggekveld i Volbu skule for å vise gamle bilder som vi skulle finne gamle uttrykk til. Mange gamle og lite brukte ord kom fram vegnaskjel, øyk, vatningstro, dyrje m fl. Odd Arne Rudi las opp egne dikt. Arrangør var Mållaget. Vi har delteke på fleire samrådsmøter i Valdres Historielag.

Gamle bilder scanner vi framleis. Har du bilete liggande som du kan tenkje deg å dele med oss, så ta kontakt på tlf 90051628.

Til slutt vil vi takke alle som har stilt opp for oss gjennom året og “gjort det muleg” å gjennomføre oppgåvene som er omtala.

Tove Grethe, Are, Svein Erik og Odd Arne